

---

Vår referanse 2021/24037-3  
Dato 08.07.2021

---

BERNT KANDAL  
LANGARINDEN 148  
5132 NYBORG

## Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5318 - nybygg - gnr 355 bnr 42 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense datert 14.06.2021.

### Vedtak

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5318 Skjelangervegen for å oppføre bod på gnr. 355 bnr. 42 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 07.07.2021.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på Skjelangervegen skal vera minst 26 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5318.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «lite streng» jf. Rammepplan 2021-2024.

Det er søkt om dispensasjon for å bygge ein bod ca. 27 meter frå vegmidte av fylkesvegen. Tiltaket vil ikkje komme i konflikt med siktliner eller bruken av fylkesvegen. Vi vurderer det difor slik at vi kan gje dispensasjon frå byggegrensa.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen

til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Har du spørsmål i saka kan du ta kontakt med sakshandsamar Lillian Byrknes på tlf. 45638702 eller på e-post [lillian.bakke.byrknes@vlfk.no](mailto:lillian.bakke.byrknes@vlfk.no).

Med helsing

Linda Beate Hjelmcland  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Situasjonskart - gnr 355 bnr 42 - Alver kommune - 2021-07-07